

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 25.11.2019
SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar - november 2019**

ARKIVSAK: 2019/5283
STYRESAK: 124/19

STYREMØTE: 12.12.2019
Adinistrerande direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
03.06.19	Høyring NOU 2019: 5 Ny forvaltningslov Forvaltingslovutvalet frå 23. oktober 2015 skulle ta ein samla gjennomgang av forvaltningslova og ikkje lovfesta forvaltningsrett. Formålet var å utarbeide ein forståeleg og praktisk lov som tek vare på sikkerheita og tillita til forvaltninga, samtidig med å leggje til rette for effektiv sakshandsaming. Ny lov bør understøtta digitalisering og sakshandsaming og ta omsyn for at lova skal brukast på ei rekke ulike område og tilpassast ulike former for organisering i offentleg verksemd.	Høyringsfrist: 02.12.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
20.06.19	Høyring NOU 2019: 14 Tvangsbegrensingslova Forslag til like reglar om tvang og inngrep utan samtykkje i helse- og omsorgstenesta. Utvalet legg auka fokus på førebygging av tvangsbruk. Barn sin rettstryggleik blir løfta fram. Det vert lettare å få hjelp for den som viser motstand, men manglar avgjerdskompetanse.	Høyringsfrist: 16.12.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a Styresak til RHF-styret i desember 2019

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
01.07.19	Høyring NOU 2019:9 Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv Forslag om ny arkivlov for stat, fylkeskommune og kommunar, samt verksemdar som har offentlege eigardeler på meir enn 50 prosent. Utvalet peikar på plikt til å dokumentere og verne verksemdene sin dokumentasjon. Regelmessig ajourføring av ein dokumentstrategi som inneheld dokumentasjonsplikt for verksemda, organisering av arbeidet, ulike informasjonssystem og gjere greie for langtidsvern, minimering og sletting. Øvste organ i leiinga skal vedta dokumentasjonsstrategien minst ein gong kvart fjerde år. Verksemdene skal dokumentere verksemdsrelatert kommunikasjon til og frå personar i leiande stillingar. Ekstern dokumentasjon skal vere dokumentert. Desse prosessane skal vere automatiserte.	Høyringsfrist: 02.12.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
18.10.19	Høyring Endringar i føreskifta om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta · Utviding av utførande personell der det kan krevjast eigenandel av pasientane innanfor somatikk · Poliklinisk helsehjelp via telefonkonsultasjonar innanfor somatikk · Auka nivå på gebyr for ikkje møtt innanfor somatikk	Høyringsfrist: 01.12.2019	Sendt på intern høyringsrunde
22.10.19	Høyring Tiltak for å styrke legemiddelberedskap Forslag til endringar i legemiddellova og apoteklova Forslaget har heimelgrunnlag for å kunne påleggje apotek og grossistar restriksjonar ved utlevering, sal og eksport av legemiddel ved fare for eller ved ein etablert mangelsituasjon. Departementet foreslår at grossistane og apoteka blir gitt ei plikt til å gje Legemiddelverket elektronisk tilgang til lagerstatus. I tillegg inneheld forslaget heimel for å kunna ileggje gebyr ved brot på fleire av handlingsnormene som blir omfatta av forslaget.	Høyringsfrist: 02.01.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
28.10.19	Høyring Ny e-helselov og endringar i IKT-standardforskrifta Helse- og omsorgsdepartementet ønskjer å endre foreskrift for å sikre raskare innføring av viktige nasjonale e-helsetiltak. Med dette meiner dei ei tydelegare nasjonal koordinering, sektorinvolvering og styring. Endringane omfattar namn på forskrifta, foremålsavgjerd, utviding av heimelgrunnlag for også å omfatta helseregisterlova, fleire obligatoriske standardar med vidare. Som ein konsekvens av at e-helseløysingane skal overførast til Norsk Helsenett 1. januar 2020, føreslår departementet at dataansvaret også blir overført til Norsk Helsenett.	Høyringsfrist: 15.01.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a
13.11.19	Høyring Forslag til endring i forskrift om rekvirering og utlevering av legemiddel frå apotek Helse- og omsorgsdepartementet sender forslag til endring i forskrift 27. april 1998 nr. 455 om rekvirering og utlevering av legemiddel i apotek. Endringsforslaget gjeld oppheving av forskrifta § 4-5, om bruk av autorisert reseptblankett for rekvirering av A-legemidlar. Helsedirektoratet har i dag avtale med Andvord grafiske om produksjon, lagar og sal av autoriserte reseptblankettar. Noverande avtale går ut frå 31. desember 2019 og vurderinga er at det ikkje er behov for å forlenge denne avtalen.	Høyringsfrist: 23.12.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
14.11.19	Høyring Grimstadutvalgets utgreiing - Studieplassar i medisin i Noreg Utgreiinga rører viktige spørsmål knytt til dimensjonering av medisineddanning i Noreg. Tilrådingane til utvalet råker mange aktørar både i universitets- og høgskulesektoren og i helse- og omsorgssektoren. Difor ynskjer forskings- og utdanningsministeren innspel frå universitets- og høgskulesektoren, helse- og omsorgstenestene og brukarorganisasjonane.	Høyringsfrist: 15.02.2020	Saka kjem til styret i styremøte i februar 2020